



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|--------------------------------|------------|
| 055/19 | Sektorutval for tekniske saker | 13.08.2019 |
| 074/19 | Kommunestyret | 21.08.2019 |

Detaljregulering Loen vest - Solvik, framlegg til godkjenning

Framleggstillar: Nordplan AS p.v.a. Loen Skylift AS

Bakgrunn for saka:

Føremålet med planarbeidet er å regulere plass til auke i parkeringskapasitet ved fjordstasjonen, på nordsida av fv 60, mellom gondolbygget og Gjølmunna.

Planframlegget regulerer også ei oppgradering av gjeldande reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs fv 60 frå Loen til gjeldande regulert kryss mot Leitekvia (ny Opheimsveg). Strekinga på gang- og sykkelvegen er om lag 1,2 km.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Plan- og bygningslova (pbl)
- Forvaltningslova (fvl)
- Naturmangfaldlova (nml)
- Kommunedelplan Loen, vedteken 02.06.2006
- Kommunedelplan for Loen sentrum, vedteken 19.12.2012
- Områderegulering Hoven Loen, vedteken 04.06.2015
- Reguleringsplan Solvik, vedteken 18.05.2004
- Detaljregulering Leitekvia – Solvik, vedteken 27.03.2018

Ikkje vedlagt sakstfang:

Dreneringsplan, datert 04.04.19

Utarbeidde fagrapportar:

- NGI rapport, dagsett 03.09.2014
- NGI teknisk notat, dagsett 02.04.2019
- Sweco AS, støyvurdering, dagsett 02.04.2019

Innkomne merknader i samband med offentlig ettersyn:

1. Stryn energi AS, datert 09.05.19
2. Statens vegvesen, datert 07.06.19
3. NVE, datert 14.06.19
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune, datert 17.06.19
5. Fylkesmannen i Vestland, datert 17.06.19
6. Vegard Solheim, datert 17.06.19
7. Statens vegvesen SVV, datert 02.07.19

Vedlegg i saka:

| | |
|--|---------|
| Planomtale Regplan Loen Vest - Solvik rev 030719 | 1427814 |
| Reguleringsføresegner Loen Vest - Solvik revA 030719 | 1427813 |
| Trafikkanalyse parkering Loen Skylift 030719 | 1427810 |
| Tegningshefte Regplan Loen Vest_Solvik Rev A | 1427816 |
| ROS-analyse Regplan Loen Vest_Solvik | 1416206 |

Saksopplysningar:

Planframlegget låg ute til offentlig ettersyn i tida 30.04.19 – 17.06.19. Statens vegvesen fekk forlenga frist til 26.06.19 og ytterlegare forlenga til 04.07.19. Følgjande offentlege instansar fekk planen til uttale: Fylkesmannen i Vestland – Barnerepresentanten, Stryn kommune – Fiskeridirektoratet – Kystverket Vest – NVE – Rådet for eldre, Stryn kommune – Sogn og Fjordane fylkeskommune – Statens vegvesen – Stryn energi – Telenor. Det kom inn 7 merknader i høyringsperioden.

1. Stryn energi, datert 09.05.19

Ønskjer å legge rør til framtidig høgspenkabel i gangvegen frå fjordstasjonen/Hoven og til det nye krysset i Solvik. E-verket ønskjer difor at det vert lagt inn omsynssone for høgspent i gangvegen slik som det er i vegen frå det nye krysset i Solvik og opp til bustadfeltet på Rake

2. SVV, datert 07.06.19

Plan er ikkje i samsvar med krav til avstand mellom køyreveg og gang/sykkelveg i N100. Fråvikssøknad kan handsamast av Regionvegkontoret. SVV har difor fått utsett frist til 04.07.

3. NVE, datert 14.06.19

Det er ikkje bede om konkret hjelp i denne enkeltsaka. NVE gjev difor ikkje konkret fråsegn i denne saka. Viser elles til generell informasjon og rettleiing knytt til NVE sine saksområde på deira nettsider. Minner om at det kommunen sitt ansvar at det blir teke tilstrekkeleg omsyn til flaum- og skredfare mm.

4. Sogn og Fjordane fylkeskommune, datert 17.06.19

Tilrettelegging for gåande og syklande er i tråd med regional plan for klimaomstilling og regional strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur.

Reiseliv:

Planframlegget legg til rette for 100 nye parkeringsplassar knytt til Loen skylift. I fylkeskommunen sitt høyringsvar til planprogram etterspurde dei ei tydelegare analyse av framtidig behov for parkeringsplassar knytt til Loen skylift. Dei kan ikkje sjå at det er gjort noko analyse av dette, anna enn at verksemda sjølv meiner det nye talet p-plassar vil vere tilstrekkeleg. Slik planen ligg føre no, er det difor uråd å vite om det planlagde talet på p-plassar er tilstrekkeleg, eller for lite i møte med framtidig behov.

Vassforvaltning:

Det renn fleire bekkar gjennom planområdet. Dei gjer merksam på at vassforskrifta §4 ikkje tillet ny arealbruk som gjer tilstanden i vassførekomstane dårlegare.

5. Fylkesmannen i Vestland, datert 17.06.19

Parkering

Dei viser til fråsegna til dispensasjonssøknaden, datert 13.11.18

Elles ikkje spesielle merknader i høve til gang- og sykkelveg, støy, samfunnstryggleik og beredskap. Når det gjeld planføresegnene, så må kommunen som planstyresmakt vurdere om aktuelle interesser og omsyn er tilstrekkeleg ivareteke i planen.

6. Vegard Solheim, datert 17.06.19

Viser til tidlegare merknader angåande prosjektet som er sendt inn av grunneigarane i Solvik.

Tilføyer: Viss ikkje kommunen kjem dei i møte med deira krav, vil Solheim heller ikkje avstå grunn til prosjektet. Han ser på heile prosjektet som eit løftebrudd og vil ikkje vise nokon velvilje ved å avstå grunn til noko dei ikkje frå nytte av.

7. SVV, datert 02.07.19

SVV viser til ulike avklaringar i deira sakshandsaming, mellom anna eintydige avkøyrslenemningar i føreskrifter og planen sine c-teikningar, siktkrav og omsøkt fråvik om avstand mindre enn 3 meter mellom fv 60 og g/s-veg. Fråvik er tilrådd av SVV og godkjend av vegeigar, Sogn og Fjordane fylkeskommune, den 02.07.19

SVV har ingen merknader til planframlegget. Deira uttale er basert på reviderte C-teikningar og endra føresegn §4.1, samt godkjent fråviksøknad for avstand mindre enn 3 meter mellom fv 60 og mindre strekk langs gang og sykkelveg. Desse dokumenta ligg ved deira uttale og er forpliktande for vidare planlegging og bygging av g/s-veg.

**

Tilbakemelding frå framleggsstillar om merknad nr 1 frå Stryn Energi, datert 21.06.19:

Nordplan har sjekka om det er naudsynt/tilrådeleg å teikne omsynssoner for høgspenkabel i jord.

Nordplan viser til NVE og Statens kartverk sin faginformatjon om at jordkabler ikkje skal teiknast inn på plankart med omsynssone. Ut frå omsyn til beredskap og kva opplysningar som bør vere

offentlege er det tvilsomt om det er tilrådeleg. Nordplan merkar seg innspelet og det må takast omsyn til høgspenkabel i jord ved utarbeiding av byggeplan på tiltaket, men dei viser ikkje høgspenkabel i jord med omsynsone i reguleringsplanar.

Vurdering:

1. Stryn energi og tilbakemelding frå Nordplan

Administrasjonen seier seg samd i Nordplan si tilbakemelding. Det vert i planframlegget ikkje teikna inn omsynsone på planlagt høgspenkabel som skal ligge i jord.

2. og 7 : SVV

SVV sine tilbakemeldingar er innarbeidde i plandokumenta.

3. Sogn og Fjordane fylkeskommune

Reiseliv/parkering:

Kommunen viser til Nordplan si utgreiing om parkeringsanalyse vedlagt saka.

Vassforvaltning:

Etter dialog med framleggstillar så vert alt vatn sendt gjennom g/s-vegen om lag der det renn i dag, så der vert ingen endringar for vasskvalitet.

4. Fylkesmannen i Vestland

Når det gjeld deira fråsegn til dispensasjonssøknaden, så viser kommunen til vurderingar i saka, TS-005/19, 08.01.19. Naturmangfald er i tillegg vurdert i planen sin ROS-analyse og planomtalen

5. Vegard Solheim

Merknader om gang- og sykkelveg gjennom sjølve grenda Solvik er merknader som må vurderast i anna sak. Dette er eit privat planframlegg og plangrensa går til krysset for ny planlagd Opheimsveg.

Forhandlingar om grunn til gang- og sykkelveg innanfor denne plangrensa vert teke hand om under grunnavståingsprosessen.

*

Avdeling for kommunalteknikk har vurdert dreneringsplanen og har ingen merknader anna enn at dei føreset at utbyggjar har dimensjonert overvassnettet tilstrekkeleg etter det areal det skal drenere.

Konklusjon:

Administrasjonen tilrår at detaljregulering for Loen vest – Solvik vert eigengodkjent av kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av pbl §12-12, godkjenner kommunestyret framlegg til detaljregulering for Loen vest – Solvik. Nml sine prinsipp er lagt til grunn i planframlegget.

Sektorutval for tekniske saker 13.08.2019:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg samrøystes tilrådd.

TS- 055/19 Vedtak:

I medhald av pbl §12-12, godkjenner kommunestyret framlegg til detaljregulering for Loen vest – Solvik. Nml sine prinsipp er lagt til grunn i planframlegget.

Kommunestyret 21.08.2019:**Handsaming:**

Sektorutvalet for tekniske saker si tilråding samrøystes vedteke.

KS- 074/19 Vedtak:

I medhald av pbl §12-12, godkjenner kommunestyret framlegg til detaljregulering for Loen vest – Solvik. Nml sine prinsipp er lagt til grunn i planframlegget.